

## **SØKNAD OM MIDLAR FOR FITJAR KOMMUNE, « DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2014/14648»**

Fitjar kommune søker med dette om midlar til ulike tiltak for eldre.

### **Tiltak1: Seniordag**

#### **Skildring:**

Arrangement for seniorar med ulike kulturarrangement på same dag.

#### **Målgruppe:**

All seniorar. Både dei som bur i institusjonane og heimebuande.

#### **Kulturell genre/tema:**

Profesjonell artist med musikk. Utstilling av bilete frå gamledagar. Føredrag.

#### **Arena:**

Fitjar kultur- og idrettsbygg seniorsenter og kultursal.

#### **Søknadssum:**

Profesjonell artist	kr 10 000,-
Utstilling	kr 3000,-
Mat	kr 3000,-
Transport	kr 5000,-
Leige av kulturhus	kr 5000,-
Foredrag	kr 4000,-
<u>Sum</u>	<u>kr 35 000,-</u>

#### **Anna finansiering**

Ikkje klart endå.

### **Tiltak 2: Tur til Årskog museum**

#### **Skildring:**

Årskog museum er ein gammal gard som er testamentert til Fitjar kommune som museum. Dei eldre i Fitjar har stor interesse av denne garden. Det er vanskeleg å komme seg dit då det ikkje har ordinære opningstider, men berre er opent for grupper.

Planen er å frakte alle kategoriar seniorar til museet og halde omvisning i tunet og magasinet. Ein tenkjer òg å leige inn Sunnhordland museum si formidlingsavdeling til å halde eit lite teaterstykke for dei eldre der.

**Målgruppe:**

Alle eldre både frå institusjonar og heimebuande eldre.

**Arena:**

Årskog museum på Årskog som ligg 3 km frå Fitjar sentrum.

**Finansiering:**

Sunnhordland museum si formidlningsavdeling teater	kr 5000,-
Frakt	kr 3000,-
Mat	<u>kr 2000,-</u>
Sum	<u>kr 10 000</u>

**Anna finansiering:**

Ikkje klart endå.

**Tiltak nr. 3: Kosestund i Losjehuset X 2.**

Losjehuset er eit lite hus som kommunen har innreia som eit universelt utforma minikulturhus/galleri. Det ligg om lag 10 meter frå Sjukeheimen og aldersheimen. Her er det enkelt for dei aller svakaste som vanlegvis ikkje kjem seg ut i det heile teke å vera med.

**Skildring:****Kosestund 1. Våren 2015**

Profesjonell artist til ein minikonsert og i tillegg ha historefortelling/føredrag for dei svakaste.

**Kosestund 2. Hausten 2014**

Profesjonell artist med minikonsert og utstilling av gamle bilete.

**Arena:**

Fitjar Losjehus.

**Finansiering:**

Profesjonell artist X 2	kr 9000,-
Mat	<u>kr 1000,-</u>
Sum	<u>kr 10 000,-</u>

**Anna finansiering**

Ikkje klart endå.

Totalt vil me altså søkja om kr 55 000,- for desse arrangementa. Talet på arenaer er 3. Fitjar kultur- og idrettsbygg, Årskog museum, og Fitjar Losjehus.

Ein tenker å satse på å skaffe dugnadsfolk til å lage/ servere mat og stille opp for dei som treng hjelp på ulikt vis. Dette er førbels eigenkapital. Kommunen har tidlegare bidrege med ein del midlar og kjem til å gjere det til neste år òg. Summar på dette er ikkje klare endå.

Mvh Bente Bjelland

---



Bente Bjelland  
Kultur og Informasjonssjef  
Fitjar Kommune  
Tlf: 53 45 85 12  
MOB: 47 68 62 08

 Before printing, think about the environment